

Nordisk naboskap i 2000 år (Nordisk grannsämja i 2000 år)

Av Leiv Olsen

Dei siste hundre åra har folka i Norden stått fram som brødrefolk. Sånn har det ikkje alltid vore, og heilt idyll er det ikkje i dag heller. Kva veit me om historia til dagens nordiske folk — danskar, svenskar, nordmenn, suomi-finnar, kvener, samar, færøyningar, islendingar og inuitar?

Kortfattet lærebog i nynorsk

1. "me" betyder "vi"
2. Det danske "hv" svarer på nynorsk til "kv" eller blot "k": "kva veit me" oversættes til dansk: "hvad ved vi"; "korfor" oversættes til "hvorfor".
3. "au" svarer til dansk "ø": "raud" oversættes: "rød".

Der er nogle specialglosser i Leiv Olsens artikkel:
"mellombels" oversættes ca. til: "midlertidig"
"semjast" oversættes ca. til: "blev enige om"

Når høyrer me fyrst om dei nordiske folka?

Kimbrar og teutonar, frå dagens Danmark, herja i Romarriket hundre år før Kristi fødsel, men av dagens nordiske folk er *samane* dei som fyrste me høyrer om. *Tacitus*, som rundt år 100 etter Kristus skreiv verket «Germania», fortalte at samane («fennae») ikkje dyrka jorda, men levde av urter og vilt — likevel heldt dei det for å vera eit lykkelegare liv enn å streva med jordarbeid. Det var den avvikande livsforma til samane som fanga interessa. Me må likevel ikkje tru at alle samar utelukkande levde slik. *Danar* og *svear* er fyrst nemnde på 500-talet. *Nordmenn* fanst ikkje før seint på 800-talet, då dei mange folkegruppene på norskekysten blei samla under ein konges velde. Fyrste gong me høyrer om «nordmenn» i tydinga: nordgermansk folk som ikkje er danske eller svenske, er i håløyghovdingen *Ottars* beretning til Englands kong Alfred den store, ein gong i 890-åra. Då høyrer me også for fyrste gong om *kvenane* (som antakeleg er både suomi-finnar og dagens kvenar og tornedalsfinnar). *Færøyningar* og *islendingar* er som kjent etterkommarane av folka som slo seg ned på dei øyane på 800-talet og utover. *Inuitane* er så vidt nemnde i fortellingar om dei norrøne bygdene på Grønland, men det var fyrst med misjonen på 1700-talet at me andre folk i Norden begynte å interessera oss for dei. Det var ikkje udelt positivt for inuitane.

Betydninga av den samiske verksemda

Frankiske sverd, datert til merovingar- eller vendeltid, rundt 500-750, er funne fleire stader i den samiske jaktmarka. Dei var prestisjegjenstandar. Korfor hamna dei hos samane? Sikkert fordi samane leverte verdifulle produkt. Ottar, som eg nyleg nemnde, fortalte Alfred at rikdommen hans bestod av produkta samane skaffa han: skinn og pelsar av mange dyr, kvalhuder dei laga gode skipsreip av, kval- og selspekk, kvalrosstanner. Andre stormenn skrytte av sine samiske forfedrar: Mottul finnekonge, Svåse på Dovre. Då Gustav Vasa tok Sverige ut av Kalmarunionen, sytte han for å få kontroll over *finnskatten* som samane leverte til dei kvenske birkarlane.

Nabofolka sikra seg med tida meir og meir av verdiane dei samiske produkta representerte — dei var store verdiar enno på 1500-talet. Det tok slutt på 1600-talet. Korfor? Eg trur det var fordi europearane hadde oppdaga Amerika. Med trapparverksem i nordamerikanske skogar kom ein flaum av gode skinn og pelsar til Europa. Det må ha ført til eit kraftig prisfall på varene. Då var det ikkje lengre viktig å stå på god fot med samane som leverte slikt. Frå å vera eit folk som dels var respektert og dels frykta, blei dei no stempla som ein framand og mindreverdig rase, eit smiskande og svikefullt folkeslag som stod i vegen for framskrittet. Inga ulykke om dei forsvann.

Dei fyrste nordiske stormaktene

Daneriket på 800-talet er det fyrste me kan kalla ei nordisk stormakt. Gudrød (Godfred) var ikkje snauare enn at han truga med å herja hovudstaden til sjølvaste Karl den store. Under sonen Hårek blei Frankarriket rent over ende av vikingtokta, og i 860-70-åra var danske vikingar i ferd med å vinna heile England. Daneriket omfatta også område i dagens Norge og Sverige, til og med Vika (Oslofjord-området) i nord. Gudrød grunnla to handelsbyar, *Hedeby* og *Skiringssal*, i kvar sin utkant av riket; dei blei knutepunkt for handelen mellom Norden og Vest-Europa og kan ha vore viktige mjølkekyr for danskekongane.

Svearne retta på same tida verksemda austover. *Birka* (Bjarkey) blei òg eit handelssenter, *bjarkey* blei i heile Norden vanleg nemning for ein handelsstad, og der gjaldt særskilde *bjarkeyjarréttar*. I Russland grunnla svenske vikingar dei eldste byane, *Aldeigjuborg*, *Novgorod*, *Kijev*. Her møtte dei òg arabiske handelsmenn. Norden blei ein bindeledd i den arabisk-europeiske handelen: skandinavar handla både med arabiske handelsmenn i Russland i aust, med vesteuropeiske i vest, og vesteuropeiske handelsmenn selde også nordiske produkt (slavar og pelsverk) vidare til arabiske handelsmenn dei hadde kontakt med ved Middelhavet. Ringen var slutta.

873 hadde daneriket falle frå kvarandre. Det kan ha opna for samlingsverket til Harald Hårfagre. Då han fekk kontroll over heile vestlandskysten, kunne han stilla krav til handelsmenn som segla langs kysten. Spesielt då han også fekk kontroll over handelsbyen Skiringssal, som før var dansk. Harald kunne kreva lojalitet frå handelsmennene; det var vel derfor Ottar kalla seg nordmann («eg bur lengst nord av alle *nordmenn*»). Handelen med samiske produkt representerte store verdiar, å få kontrollen med *denne* handelen kunne vera eitt (av fleire) motiv for samlingsverket.

Riket til Hårfagre-ætta bestod så lenge Danmark var svakt og splitta. Då Danmark midt på 900-talet blei samla, blei kongane av Hårfagre-ætta overvunne. Harald Blåtann skreiv på Jellingsteinen at han hadde vunne alt Danmark, Norge i tillegg, og gjort danane kristne. Og det slutta ikkje der. Sonen Svein og sonesonen Knut blei endå mektigare; dei grunnla eit Nordsjørike som omfatta både Danmark (med Skåne, Halland og Vika med Bohuslän), England, Norge og kanskje også Västergötland; Knut kom på like fot med den tysk-romerske keisaren i sør. Nordsjøriket fall raskt frå kvarandre då Knut døydde (1035), men både Magnus den gode, Harald Hardråde og Svein Estridsson prøvde å gjenreisa det. I løpet av 1060-70-åra ebba vikingtida ut og draumen om Nordsjøriket måtte gis opp. Tilbake stod tre rike i Norden: Norge, Danmark og Sverige.

Dei tre nordiske kongane la mellombels alle stridigheter til sides då dei møttest her i *Konghelle*, eller Kungälv, grenseby for tre rike, i 1101. Bohuslän høyrdet då til Norge, Västergötland til Sverige, Halland til Danmark. Dette var det fyrste nordiske *fredsmøtet*. Som pant på freden ekta norskekongen den svenske kongsdottera Margareta *Fredkulla* (som seinare blei gift med danskekongen). På 1100-talet begynte kongane å semjast om grensene mellom Norge og Sverige. På 1200-talet var grensa trekt så langt som til Strömsund, som då låg på grensa til Finnmarka.

Tre kongerike i Norden

Heilt sidan 1000/1100-talet har Danmark, Sverige og Norge vore tre rike, tre nokså stabile rike, som til tider har vore i union, men der folka heile tida har rekna seg som henholdsvis danskar, svenskar og nordmenn. Svenskane var minst homogene, götar oppfatta seg lenge ikkje som svear, jämtar var noko for seg sjølv — dei lydde den norske kongen, den svenske bispen i Uppsala og hadde si eiga

tingordning. Suomi-finnane og kvenane ved Finskebukta og rundt Bottenviken høyrde til Sverige, men svenske var dei ikkje. I nord og aust låg den «ovleg svære» Finnmarka, der kongane (og Russland) var interesert i å driva inn finniskatt, men der ingen rike hadde makt. I heile Sápmi, som omfatta Finnmarka, men også langt meir — den rekte til Hardangervidda i sørvest, til norra Uppland i sør, og omfatta mesteparten av Finland i søraust — der hadde samane sin eigen samfunnsstruktur. Det same hadde gutarna på Gotland, som i realiteten styrde seg sjølv. Færøyningar, dei norsrøne samfunna på dei britiske øyane, islendingar og dei norrøne bygdene på Grønland var òg sjølvstyrde samfunn, til langt inn på 1200-talet; *Alltinget* på Island har eksistert sidan 930. Inuitane var det ingen statar som brydde seg med.

Islendingar var skaldar hos kongane i alle dei nordiske landa, og islendingar blei haldne fram som særleg historiekunnige. Islendingane *Sæmund frode* og *Are frode* var dei fyrste i Norden som skreiv historieverk, tidleg på 1100-talet, og Are var den fyrste historikaren som skreiv på norrønt. Takka vera islendingane har me i dag ein *rik og omfattande norrøn litteratur*, ein litteratur som omfattar mange av verds litteraturens perler og som har inspirert mange av vår tids forfattarar.

Det var naturleg at samar, suomi-finnar, kvenar og inuitar oppfatta seg, og blei oppfatta, som særskilde folk, sidan dei tala andre språk enn nabofolka. Danskar, svenskar, guitarar, götar, nordmenn, færøyningar, islendingar — og dei norrøne folka på andre øyar i Nord-Atlantaren — snakka alle det dei sjølv kalla *dansk tunga*. Korfor rekna ikkje alle seg som danske, og når dei ikkje gjorde det, korfor oppfatta dei talrike ulike folkegruppene i Skandinavia seg med tida som danskar, svenskar og nordmenn? Noko av grunnen er vel at desse tre rika har eksistert i tusen år. Men lenge var rika i union. Islendingar og færøyningar hadde lite kontakt med dei andre og skilde seg ut då dei heldt det gamle språket betre ved like. Svenskane var kortvarig under dansk styre mens Norge var i union med nabostatane i mesteparten av tida. Utan at nordmenn oppfatta seg som danske. Eg trur det sterke fellesskapet som oppstod med *handelen* på norskekysten, lenge med Bergen som knutepunkt, bidrog til å gi folk langs norskekysten, og dalstrøka innafor, opplevelsen av å vera eitt folk, annleis enn nabofolka. Men dette er eit interessant tema som fleire burde studera.

Nordisk union — og langvarige nabolandskrigar

I Norge herska lenge oppfatninga om at Norge viljelaust hadde drive inn i union med Sverige og Danmark på 1300-1400-talet. Sanninga er tvert om at det var *dei norske kongane*, Margrete medrekna, som var *pådrivarane* for unionen.

Norge, Noregsveldet, blei ei stormakt i Norden då borgarkrigane tok slutt tidleg på 1200-talet, og dei neste 150 åra blanda samlege norske kongar seg inn i danske og svenske indre strider — det motsette var ikkje tilfelle. Den norske kong Håkon Magnusson den eldre bygde opp eit mellomnordisk rike med *Konghelle* og *Varberg* som støttepunkt. Mange forviklingar følgde, men kort oppsummert: Norge og Sverige fekk eit mellombels kongefellesskap etter eit svensk opprør som styrta kong Birger og gjorde den norske tronarvingen til svensk konge. Unionen varte bare eit par tiår, men blei fornøya då den norske kong Håkon Magnusson den yngre erobra Stockholm i 1361, og heldt byen i to år. Prosessen enda då Håkons dronning, Margrete, først fekk plassert son sin, tronarving i Norge, også på den danske tronen (1375) og deretter sigra også over svenskekongen i slaget ved Falköping i 1389. Resultatet blei Kalmarunionen, oppretta i 1396.

Margrete var dansk, men det var som *norsk* dronning ho kom til makta. Når Kalmarunionen var resultat av langvarig norsk aggressjon, korfor kom då Norge i bakleksa straks unionen var ein realitet? Jordbruk var det viktigaste maktgrunnlaget, og det desidert rikaste jordbruket var i

Danmark. Dei rikaste svenske storgodsa kunne kanskje måla seg med dei danske, dei norske var fattigslege i samanlikning. Så lenge jorda var maktgrunnlaget, måtte maktsentret hamna i det rikaste jordbrukslandet — Danmark.

Norge var ikkje utan betydning. *Tørrfiskhandelen* blei viktig på 1400-1500-talet, og då var Bergen ei tid den største byen i Norden. Tørrfiskhandelen var det Hansaen som kontrollerte.

Kalmarunionen blei ikkje langvarig. Det endelige samanbrotet kom då Gustav Vasa erklærte seg som uavhengig svensk konge i 1523. Dei neste trehundre åra blei prega av ein serie krigar mellom dei to nordiske kongerika, som toppa seg i *Den store nordiske krigen* 1700-1721 og enda under *Napoleonskrigane*. Det var òg nær ved at det blei krig i 1905, mellom Norge og Sverige.

Militært var både Danmark og Sverige sterke; spesielt Sverige hevda seg blant europeiske stormakter. Men krigane blei ei tung bør på folket. Verst hadde suomi-finnane det. Svolten rei dei på 1500-1600-talet og dreiv mange til å søka etter utkomme andre stader. *Skogfinnane* eller *rugfinnane* drog ut, og slo seg ned, over store delar av Norden, der dei fann jord dei oppfatta som ubrukt, særleg i dei store skogane der dei kunne svi av område og planta rug i asken, slik dei var vande med frå Finland. Dei var eit fattigfolk på vandring, og blei ikkje alltid godt mottatt, men ettertida har begynt å få auga opp for verdien av kulturen dei brakte med seg.

Den skogfinske ekspansjonen over storparten av Sverige og Sør-Norge på 1500-1600-1700-talet og den kvenske ekspansjonen frå kjerneområda i Nord-Sverige og Finland over til Nord-Norge på 1700-1800-talet, dreiv samtidig samane nordover. Og nordiske styresmakter og norske og svenske bønder jaga samane frå område der dei alltid hadde vore i det sørlege og midtre Norge og Sverige.

Etter 1905 innleidde Norge, Sverige og Danmark eit fredeleg samarbeid som broderfolk. Men innad i landa var det ikkje plass for mangfold; ikkje minst i Norge blei det drive iherdig fornorsking av alle minoritetar: samar, kvener, tatarar — barn blei tatt frå foreldra, kvinner blei steriliserte, i skolen var det forbod mot å bruka andre språk enn norsk, det blei tilmed eksperimentert med lobotomi som i fleire tilfelle enda med døden. I Odalen diskuterte kommunestyret å innføra skotpremie på tatarar! Fyrst seint på 1900-talet blei det tatt oppgjer med denne mørke politikken. Men det er langt fram til at nasjonale minoritetar får den ráderetten dei bør ha over eigne livskår.

Då Finland i 1917 blei sjølvstendig, blei dei smart rekna med blant dei nordiske broderfolka, tydeleg symbolisert på det nordiske riksmøtet i 1939. Men det finske sjølvstendet blei fødd i vold. Den finske *klassekrigen* er tidd ihel i nabolanda. Knapt nokon i nabolanda veit at Finlands største parti, Arbeidarpartiet, blei forbode i 1918, leiarane og mange av tilhengarane skotne, arresterte, plasserte i interneringsleirar. Offisielt var det 36 640 falne, dei fleste raude, og i tillegg døydde 13 446 raude i fangeleirar etter krigen og eit ukjent tal under fangetransportar. 7370 raude og 1424 kvite blei henretta. Minst 74 000 — alle raude — var fangar i fangeleirar etter krigen. Alt saman ifølgje offisielle tal, som i alle fall ikkje er for høge. Av eit samla folketal på litt over 3 millionar blei langt fleire enn 100 000 — 4 % av befolkninga — drepne eller hamna i fangeleirar. Forholda i leirane var ikke betre enn i Hitlers Nacht und Nebel-leire. Klassekrigen var mye av bakgrunnen for at Finland hamna i lag med Hitler-Tyskland under andre verdskriga. Folket var djupt splitta. Fyrst etter andre verdskrig begynte ein forsoningsprosess — eg veit ikkje kor langt den har komme.

I løpet av 1900-talet blei Island sjølvstendig, Færøyane, Åland og Kalaallit Nunaat fekk indre sjølvstyre, samisk råd donna, i Norge blei Sametinget oppretta, samiske rettar blei underskrivne. Nordisk samarbeid formalisert i Nordisk råd. Etter mange hundre år med stadige krigar mellom nabolanda er Norden i dag prega av stabil fred og samarbeid mellom broderfolk.

Så lenge kongane kjempa for å legga mest mulig, helst heile, Norden under seg, herska krig mellom nabofolka. Fyrst då nasjonane behandla kvarandre som likestilte, fekk me fred.

NATO og EU splittar. Opprettinga av NATO førte til at den kalde krigen gjekk tvers igjennom Norden. EU skapte nye utfordringar. Danmark, Sverige og Finland blei EU-medlemmer, Norge, Island og Færøyane blei ståande utanfor, Kalaallit-Nunaat er utmeldt. Norge og Island er med i EØS. EU og EØS kan ikkje vera modell for samarbeid, for der rår diktat frå Brussel.

Finanskapitalens diktat. Fredeleg samarbeid kan bare vera samarbeid mellom *likestilte* folk. Då må me ut av både EU og EØS, og i tillegg må samar og andre minoritetar få reell råderett over eigne livskår. La det vera vår framtidvisjon!